

NRK Nynorsk mediesenter

Status per 12.12.2010



Kursverksemda i Stortinget

Kursverksemda til NRK Nynorsk mediesenter kom heilt til den skriftlege spørjetimen i Stortinget i haust, etter at Dagens Næringsliv hadde fleire kritiske oppslag om at vi held kurs i medietrening og beredskap.



Det var stortingsrepresentant Ib Thomsen, Frp, som spurde kulturministeren om kva ho ville gjere for å få slutt på kursverksemda. Huitfeldt svara at ho tok NRK sin "redgjørelse til etterretning og legger til grunn at virksomheten ved NRK Nynorsk mediesenter er organisert i tråd med de formelle regler som gjelder for NRK".

Oppslaga i avisa førde til intern debatt om kursverksemda og saka var oppe både på direktørmøte og i møte med organisasjonane. Kringkastingssjef Hans-Tore Bjerkaas konkluderte med å stå fast ved tidlegare vedtak om at NRK Nynorsk mediesenter skal kunne drive med kurs om nynorsk og media:

Ib Thomsen, Framstegspartiet.
(Foto: Knut Falch/Scanpix)

"Kursvirksomheten til NRK Nynorsk mediesenter kan videreføres i tråd med styrets og direktørmøtets godkjennelse i 2002/03.

Forutsetningen for at virksomheten kan fortsette er, nå som tidligere, at den er selvfinansierende og kan redegjøres for ved separat regnskapsførsel. Og at det ikke gis medierådgiving. Formålet med kursvirksomheten er å utvide grunnlaget for samfunnsdebatten, særlig med sikte på å gjøre kvinner, utkantboere og dialekt- og nynorskbrukere mer trygge i mediesamfunnet".



Hans-Tore Bjerkaas (Foto/NRK)

- Vi må rekne med at denne debatten blussar opp med ujamne mellomrom, og at vi alltid vil vere i sokjelyset. Motiva for å gå ut mot kursverksemda vår er ulike, men eg tykkjer framleis at det er viktig å få fleire til å våge seg framfor eit kamera. Difor held vi fram, seier Øvrebotten. Ho er oppteken av at det er ein særsliten del av befolkninga som syner att i den samfunnsdebatten som føregår i media. – Det er særleg få kvinner og folk utanfor dei store byane. Dermed vert også det språklege mangfaldet mindre enn det kunne ha vore, seier Magni Øvrebotten.

Det er ikkje aktive journalistar som kursar i NRK Nynorsk mediesenter sin regi, senteret hoyer ikkje heime i den redaksjonelle lina i NRK og driv ikkje medierådgjeving. – Det vert understreka på alle kursa våre og dei som spør om kurs har heller ikkje forventningar om det, seier Øvrebotten.

Kull 14 klart frå nyttår



Frå venstre: Ingrid Brandal Myklebust, Christian Wiik Gjerde, Ingvild Nave, Jonas Sætre og Gry Brekke Hustveit

Det var 28 søkerar til det fjortande kullet med nynorskpraktikantar, og ti av dei var inne til konferanse. Dei fem heldige byrjar på opplæringa 3. januar og er ferdige til 1. juli 2011.

Ingrid Brandal Myklebust (1986), frå Fosnavåg på Sunnmøre. Masterstudent i Europastudiar ved Universitetet i Oslo. Har studert Europastudiar og spansk ved NTNU i Trondheim, og statsvitenskap/historie ved eit universitet i Madrid. Ho har vore miljøarbeidar, spanskklærar og sportsjournalist, og aktiv i studentsamfunnet i Trondheim.

- *Nynorsk har vore sjølvsgått for meg heile livet. Difor var det eit sjokk å kome til universitetet og oppdage kor dårlig det står til med nynorsken innanfor akademia*, seier Ingrid Brandal Myklebust.

Christian Wiik Gjerde (1981), frå Herøy på Sunnmøre. Kontaktlærar ved Bogstad skole i Oslo. Adjunkt/4-årig lærarutdanning frå Høgskulen i Trondheim. BA i religion frå Høgskulen i Volda og Menighetsfakultetet.

- *Eg har alltid hatt lyst til å bli journalist, men då eg tok utdanning satsa eg på det "sikre" læraryrket. No hiv eg meg ut i det nye som nynorskpraktikant*, seier Christian Wiik Gjerde.

Ingvild Nave (1990), frå Bryggja i Nordfjord. Studerer internasjonal marknadsføring ved BI i Bergen. Har Radiolinja ved Danvik folkehøgskule og medielina frå Firda vidaregåande skule. Nave har eige program på studentradioen i Bergen og har vore sommarvikar og tilkallingsvikar i Fjordenes Tidende.

- *Eg har visst lenge at eg skal bli journalist, og ser NRK Nynorsk mediesenter som den optimale starten for meg som nynorskbrukar*, seier Ingvild Nave.

Jonas Sætre (1986), frå Stord i Hordaland. Lærar ved vaksenopplæringa i Oslo, der han underviser framandspråklege i norsk. BA i historie med hovudvekt på politisk historie, og norsk og amerikansk politikk som særleg kompetansefelt. Studerte eit halvår i Washington DC, med praktikantstilling ved den amerikanske Kongressen. Har studert historie og nordisk litteraturhistorie ved Universitet i Bergen.

- *Forholdet mitt til det norske språket fekk ein ny dimensjon då eg byrja som lærar ved vaksenopplæringa i Oslo. Sjølv om det er bokmål eg underviser i, har eg fått god innsikt i korleis det norske språket er i møte med framande kulturar. Eg har sjølv marokkansk bakgrunn, så eg meiner eg vil vere ein ressursperson i det moderne mediebiletet, der nynorsk møter det fleirkulturelle Noreg*, seier Jonas Sætre.

Gry Brekke Hustveit (1983), frå Tjelta i Rogaland. Studerer økonomi og administrasjon ved Universitetet i Stavanger. Ein BA i fjernsyn- og multimedieproduksjon og ein i trompet frå UiS. Aktiv i Sola Brass og Band og har arbeidd som trompetlærar, sceneassistent og fotograf.

- *Eg har i alle år hatt min eigen little einsame kamp for nynorsken. Har aldri vore medlem i noko mållag, men har konsekvent brukt nynorsk og kryssa av for nynorsk på alle dokument der det er mogeleg. Det hadde vore veldig spanande å få bli ein del av eit miljø der mange brukar nynorsk til dagleg, og på den måten læra endå meir om språket eg er så glad i, skreiv Gry Brekke Hustveit i søknaden.*

Kull 13 ser attende : - Ikkje ein bortkasta dag!



Frå venstre: Karl Kristian Langeland, Vegard Foseide, Hilde Zahl, Hans Henrik Løken og Hans Kristen Hyrve

Det trettande kullet med nynorskpraktikantar reiser frå Førde til jul, og har to månader att i ekstern praksis, før dei er ferdige. Karl Kristian Langeland skal til Hallo P3/Juntafil, Vegard Foseide til NRK Møre og Romsdal, Hilde Zahl til Banden i NRK P3, Hans Henrik Løken til NRK Sporten og Hans Kristen Hyrve skal til RadioSelskapet i NRK P2.

Hans Kristen Hyrve:

- *Eg hadde ikkje trudd at nokre få månader opplæring og praksis kunne gjera meg så trygg som journalist. Nynorsk mediesenter gjev eit stødig grunnlag, som ein får moglegheit til å byggje sitt eigne journalistiske uttrykk oppå. Grunnopplæringa i foto, video, lyd og nett opnar dessutan andre dører og gjev kunnskap ein kan bruke i ei rekke samanhengar. Det er intensivt å vera nynorsk-praktikant, og det krev mykje. Likevel fekk eg i det minste flytevest før dei kasta meg ut på djupna.*

Hilde Zahl:

- *Tida mi på Nynorsk mediesenter har vore heilt vanvittig. Eg har gledd meg til å gå på jobb kvar dag, og eg har knapt gjort det same to dagar. Eg har fått laga TV, skrive på nettet, og blitt sendt ut både med opptakar og direkteutstyr. Det har vore vanskeleg, og det har blitt stilt høge krav. Men saman med krava har det følgt full oppfølging. Om eg har vore på djup grunn, har kollegaer og lærarar kasta ut livbøye til meg. Eg har ikkje lært så mykje på så kort tid sidan eg lærte å snakka. Og meiningsa med at eg lærte å snakka, må ha vore at eg i ettertid fekk koma hit. Hilde + Nynorsk mediesenter= Sant.*

Karl Kristian Langeland:

- *Tida flyg i godt lag seiest det. Eg må tydelegvis ha vore i nettopp godt lag her på Nynorsk mediesenter, for dei fire månadane har gått utruleg fort. Ikkje ein einaste dag har vore bortkasta, for sjølv når ein stangar hovudet i veggen lærer ein noko her på huset. Eg var ikkje heilt framand i medieverda då eg byrja her, men eg kan lett konkludere med at eg har lært mykje meir på fire månadar her enn eg har på fleire år med mediestudiar. Same kvar eg måtte ende opp etter tida her veit eg at eg kjem til å kunne dra nytte av alt Nynorsk mediesenter har gjeve meg. Og det er ikkje reint lite.*

Vegard Foseide:

- *Etter fire travle månader med komprimert journalistutdanning, har eg lært meg om lag fire hundre triks til journalistlivet. Eg vonar eg klarer å hugse flesteparten! Førelesarar med unik og lang erfaring frå radio, tv og nett har gjeve av seg sjølv til oss praktikantar, og vi har fått høve til å prøve alt vi har lært i den første praksistida på desken.*

Hans Henrik Løken:

- *Læringskurva her er verkeleg bratt. Og fire månadar i Førde har gitt meg mykje som journalist. Med tida her kjem både oppturar, nedturar, krevjande utfordringar og kjekke oppdrag. Eg trur ikkje det er mogleg å skrive kort om alt ein lærer gjennom jobben som praktikant i NRK Sogn og Fjordane og Nynorsk mediesenter. Ein må nesten erfare det ved å prøve det sjølv.*

Nyhendeanker i P4 og to faste jobbar



Frå venstre: Ivar Folkedal, Erling Molt Korsnes og Sølve Rydland

Ivar Folkedal har byrja i eit årvikariat i P4 på Lillehammer, der han vert nyhendeanker frå nyttår av. Folkedal har nett teke mastergrad i journalistikk ved Universitetet i Oslo, og har arbeidd som tilkallingsvikar/vikar i NRK jamsides studiane. Mest i NRK.no, der han hadde den eksterne praksisen sin som nynorskpraktikant i 2008.

- *Det er kjekt at vi lærer opp folk også til andre medieverksemder enn NRK. Det har vore meiningsa heile tida, men bortsett frå fire avisjournalistar har dei fleste hamna i NRK, og ynskt å vere der, seier Magni Øvrebotten.*

Erling Molt Korsnes og Sølve Rydland har fått fast arbeid i NRK. Molt Korsnes i Trafikk-redaksjonen på Tyholt og Rydland i NRK Hordaland. Sistnemnde var ferdig som nynorskpraktikant i 2006, Molt Korsnes i 2009.

Kvar vert nynorskpraktikantane av ?

Per 12. 12. 2010 har vi lært opp 60 nynorskpraktikantar, og 78,3 % av dei har heil- eller deltidsarbeid i media. Tjueein har fast arbeid i media, sytten i NRK.

I NRK er det tidlegare nynorskpraktikantar i Dagsnytt, Dagsrevyen, Utanriks, NRK.no, NRK Super, NRK P3, Kulturnytt, musikkredaksjonen og kulturredaksjonen i NRK P2, Torget (intranettet i NRK) og ved distriktskontora i Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane, Trøndelag og Nordland.

Fire tidlegare nynorskpraktikantar er avisjournalistar og fire andre er informasjonsfolk.

På nettsida www.nynorskmediesenter.no finn du jamleg oppdaterte oversikter over kva tidlegare nynorskpraktikantar arbeider med.

Tolvte kullet – 04.01. til 30.06. 2010.



Frå venstre: Astrid Marie **Grov** (1984) er tilkallingsvikar i NRK Dagsnytt, Ingvil Aaen **Torpe** (1982) er vikar i NRK Hordaland, Kristin **Vestreim** (1982) er vikar i Musikkredaksjonen i NRK P2, Mari **Langva** (1986) er vikar i NRK Trøndelag og Gunn Evy **Auestad** (1986) har 50 % vikariat i NRK.no og er tilkallingsvikar i NRK Sporten.

Ellevte kullet – 24. 08. 2009 til 28. 02. 2010



Frå venstre: Mathias **Oppedal** (1985) er vikar i NRK Rogaland, Aleksander **Vallestad** (1983) vikar i NRK Hordaland, Sara Myhren **Kornberg** (1987), er vikar i NRK P3, Simon **Solheim** (1990), vikar i NRK Sogn og Fjordane og Bjørn Ivar **Voll** (1985) er tilkallingsvikar i Dagsnytt.

Tiande kullet – 05. 01. til 30. 06. 2009



Frå venstre; Ingunn **Thon** (1986), er programleiar i NRK Super og fast tilsett. Malin Olivia **Dahlberg** (1982) er tilkallingsvikar i NRK Kulturnytt, Ingvild **Ryssdal** (1983) er vikar i NRK Dagsnytt/Altid Nyheter. Anna **Gytri** (1984) er fast tilsett i NRK Sogn og Fjordane og Siri Kleiven **Strøm** (1987) vert frå nyttår av vikar i NRK Sogn og Fjordane.

Niande kullet – 25. 08. 2008 til 28. 02. 2009



Frå venstre: Steinarr **Sommerset** (1983) er fast tilsett omsetjar i London. Samina **Bruk** (1985) er fast tilsett i NRK Rogaland. Ann-Iren **Finstad** (1980) er vikar i Kulturnytt. i NRK P2. Magnus **Stokka** (1985) er fast tilsett i NRK Rogaland og Erling Molt **Korsnes** (1984) i Trafikkredaksjonen på Tyholt.

Åttande kullet 3.01. – 30.06.2008



Marit Holmquist **Fenne** (1980) er fast tilsett journalist på Torget, intranettet i NRK. Elin Thingvoll **Berge** (1980) er og Olav Arne **Nedrelid** (1978) er begge med i den vidaregåande skulen, ho i Stavanger, han i Ålesund. Roger Sevrin **Bruland** (1977) er tilkallingsvikar i NRK Utanriks og Eivor **Brandseth** (1985) fullførde ikkje på grunn av sjukdom.

Sjuande kullet 03.09.2007- 29.02.2008



Eva Marie **Felde** (1981) er inf.medarbeidar ved Høgskulen i Sogn og Fjordane, Eline Buvarp **Aardal** (1984) er tilkallingsvikar i NRK Dagsnytt. Håvard **Tvedte** (1981) er bibliotekar i Stortinget, Ingunn **Viken** (1980) er frilansjournalist og Ivar **Folkedal** (1983) nyhendeanker i P4.

Sjette kullet 03.01 - 29.06.2007



Gunhild **Sølberg** (1978) er senterleiar for Gateway College i Sydney. Yngvill Kolset **Haga** (1980) og Mona **Vetrhus** (1975) er vikarar i kulturavdelinga i NRK P2. Ragnhild **Bjørge** (1977) er fast tilsett i NRK Dagsnytt. Ho er medlem av nemnda som reviderer nynorsknormalen, oppnemnt av Språkrådet. Inger Synnøve **Tveito** (1985) studerer russisk ved Universitetet i Oslo.

Femte kullet 04.09.2006 – 02.03.2007



Bjarte **Vik** (1986) utdannar seg til lærar. Marianne **Feste** (1981) arbeider i nettredaksjonen til Sjømannskyrkja i Bergen. Gøril **Furu** (1984) er fast tilsett i Musikk- og nattredaksjonen på Tyholt, men har permisjon for å ta mastergrad i TV-produksjon ved Boston University, USA.

Ingrid **Hognaland** (1986) er tilkallingsvikar i NRK Hordaland og studerer øk/adm. ved NHH i Bergen. Vidar **Eidhammer** (1984) er tilkallingsvikar i Dagsnytt/Alltid Nyheter og studerer nordisk ved Universitetet i Oslo.

Fjerde kullet 03.01.2006 – 01.07.2006



Asgeir **Reksnes** (1979) er fast tilsett i NRK Sogn og Fjordane, Bergit Sønsteboe **Svendseid** (1984) er fast tilsett som informasjonskonsulent i LNU, Landsrådet for Norges barne- og ungdomsorganisasjoner. Erlend Blaalid **Oldeide** (1984) er fast tilsett i NRK Sogn og Fjordane, Ingrid Z. **Aanestad** (1983) er forfattar og Øystein **Windstad** (1983) studerer statsvitenskap ved NTNU og er tilkallingsvikar i Adressavisa og Trønderbladet.

Tredje kullet 01.09.2005 – 03.03.2006



Sølve **Rydland** (1984) er fast tilsett i NRK Hordaland, Marita **Haugo** (1982) er fast tilsett i Drammens Tidende, men får ikke skrive nynorsk. Gisle **Forland** (1981) er fast tilsett i NRK Nordland, Karoline **Kalstveit** (1984) er student og tilkallingsvikar i NRK Hordaland og Håvard **Hamnaberg** (1978) er overingeniør i ressursseksjonen i NVE.

Andre kullet 02.01.05 - 01.07.05



Solveig **Hareide** (1983) er programleiar for matteprogrammet Kosinus i NRK1. Ho er fast tilsett. Eli **Vaage** (1984) er student og tilkallingsvikar i NRK Hordaland. Ingebjørg **Bø** (1977) er fast tilsett i Telemarksavisa, Birte Njøsen **Horne** (1984) er fast tilsett i NRK og arbeider i FBI-redaksjonen. Janne-Marit Myklebust **Falck** (1981) er fast tilsett journalist i avisa Møre.

Fyrste kullet 01.9.2004 – 28.02.2005



Eli **Bjelland** (1981) er fast tilsett i NRK Dagsnytt. Knut Åge **Teigen** (1970) er fast tilsett prosjektleiari i produksjonsselskapet Snøball Film, og lagar mellom anna undervisingsfilmar for Utdanningsdepartementet. Svein Ove **Hansli** (1976) er fast tilsett og vaktsjef i Dagsrevyen. Maria **Rivedal** (1981) er fast tilsett i NRK P3 og produsent for programmet "Bestevenn med Erlend og Steinjo" og programutviklar i NRK P3. Inger Johanne **Sæterbakke** (1981) er fast tilsett informasjons- og marknadskonsulent ved Hålogaland teater.

Visjon og verdiar

"Stolt nynorsk"

er visjonen til NRK Nynorsk mediesenter. Vi skal medverke til at nynorskgjeldet vert stolte og glade i dialekten og språket sitt. Gode nynorskbrukarar i radio, fjernsyn og på Internett gjer oss stolte av språket vårt og røtene våre. Vi skal ale opp fleire gode, nynorskbrukande føredøme i etermedia.

Det finst ikkje meir eigna kanalar for spreying av nynorsk identitet og språkleg godtaking enn radio, fjernsyn og Internett.

NRK Nynorsk mediesenter skal og medverke til at nynorskbrukarar flest blir trygge nok til å bruke språket sitt, og såleis auke det språklege og kulturelle mangfaldet i medie- og samfunns-debatten.

"Dyktig - frodig – framfus"

Dette er verdiane NRK Nynorsk mediesenter byggjer på. Dei skal seie noko om kva vi vil vere og kva som skal prege både dei som arbeider her, og dei som får opplæringsa si ved senteret. Det skal vere kvalitet i alle ledd, slik at **dyktig** vert omdømet til NRK Nynorsk mediesenter.

Nynorsk er meir enn eit språk; det er ein identitet, ein kultur og ei historie. Ein trygg språkleg og kulturell ståstad er viktig for å vere open for nye impulsar, og for å ta sjølvstendige val. Nynorsk språk og kultur har ein **frodig** tradisjon som NRK Nynorsk mediesenter skal byggje vidare på for å gje nynorsken innpass på nye område.

Nynorskbrukaren må vere dyktig for at språket ikkje skal bli brukt mot han. Difor nyttar det ikkje å stå med hua i handa, ein må vere litt **framfus** i den positive tydinga av ordet: Våge å merke seg ut, stå for noko og vere noko.

POSTADRESSE:

NRK Nynorsk mediesenter
Postboks 100,
6801 Førde

BESØKSADRESSE:

NRK Nynorsk mediesenter,
NRK Sogn og Fjordane
Prestebøen 2,
6800 Førde

ELEFON:

Leiar : 57 72 42 30
Faglærarar : 57 72 42 74
Sentralbord: 57 72 42 42
Telefaks: 57 72 42 75

E-POST:

nynorskmediesenter@nrk.no
NETT:
www.nynorskmediesenter.no